



## Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Olav Mongstad	FE-025, FA-Q10	21/361

Saksnr	Utval	Type	Dato
041/22	Formannskapet	PS	05.04.2022

### Medlemskap i Trygg Trafikk for Fedje kommune.

#### Trygg Trafikk

Vedlegg:

Fedje kommune som medlem av Trygg Trafikk  
Trygg Trafikk - medlemsskriv til Fedje kommune

#### Saksutgreiing:

##### Saksopplysningar

Fedje kommune har fått invitasjon frå Trygg Trafikk om kommunen vil bli medlem i organisasjonen. Kostnaden er for tida 2 500 kr pr. år.

#### Vurdering

Trygg Trafikk er ein ideell organisasjon som arbeider for trafikktryggleik på mange nivå. Dei definerer eit spesielt ansvar inn mot barn og unge. På møtet med Ungdomsrådet 10.03.2022, vart denne saka presentert. Ungdomsrådet var interessert i at kommunen vart medlem. I invitasjonsskrivet skriv Trygg Trafikk om fleire tilbod dei har til kommunane. Her kan ein nemne dei som pr. i dag framstår som mest aktuelle.

- Bistand til å utarbeide trafikksikringsplanar
- Kurs for barnehagetilsette og lærarar om trafikkopplæring
- Godkjenningsordning Trafikksikker kommune.
- Samarbeid opp mot fylkeskommune som påverknadsorgan t.d.

#### Folkehelse

Gjennom medlemskap kan ein rette fokus på generell trafikktryggleik. Dette vil igjen gi ei betre folkehelse.

#### Miljø

#### Økonomi

Kostnad er 2 500 kr pr år i medlemskontigent. Med rett fokus på diverse fylkeskommunale og statlege ordningar og prosjektmidlar, kan dette føre til at kommunen kan hente inn midlar til lokale



# Fedje kommune

tiltak innan trafikktrygg.

Ein finn meir info på nettsida:

<https://www.tryggtrafikk.no/om-oss/bli-medlem-i-trygg-trafikk/>

## **Konklusjon**

Kommunedirektøren tilrår at Fedje kommune melder seg inn i organisasjonen Trygg Trafikk. Årskontigenten er 2 500 kr.

## **Forslag til vedtak:**

Fedje kommune melder kommunen inn som medlem i organisasjonen Trygg Trafikk.

## **Formannskapet - 041/22**

### **F - behandling:**

### **F - vedtak:**

Fedje kommune melder kommunen inn som medlem i organisasjonen Trygg Trafikk.

Samrøystes vedteke.